

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtetidspunkt: 29.11.2016 kl. 1605 – ca. kl 1800
Møtestad: Formannskapssalen

Til stades:

- Frå utvalet: Inge Gjærde, leiar; Helge Kvame, nestleiar; Ole J. Sve, medlem;
Eva Rinde Habostad, medlem; Anne Melgaard Tårn, medlem

= 5 voterande

- Frå kontrollutvalsekretariatet: Adv. Kjetil Kvammen
- Frå revisjonen: Dagleg leiar Kjetil BjørnSEN
- Frå administrasjonen: Rådmann Åse Elin Hole

Møtet vart opna og leia av Inge Gjærde.

Det var semje om å endre rekkefølga av saker slik at sak 17/16 vert behandla til slutt.

Der var elles ingen merknader til innkalling og sakliste.

Behandla saker

**SAK 15/16
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. JUNI 2016**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 15. juni 2016 blir godkjend.

**SAK 16/16
MANDAT FOR SELSKAPSKONTROLL I STRANDA KOMMUNE**

Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om plan for selskapskontroll for perioden 2015 - 2019. Denne er utforma i to punkt og av desse framgår det m.a. at kontrollen skal gjelde tre heileigde selskap, Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS og m.a. gjelde kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskapa.

Kontrollutvalet vil no vedta igongsetjing og gjennomføring. Når det gjeld den nærmere definering av kontrollen har saksutgreiinga slik konklusjon:

Korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap kan reknast som sjølve hovudproblemstillinga i selskapskontrollen og det er det spørsmålet undersøkinga er meint å gi svar på.
Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt kommunen si vurdering av behov for framtidig interkommunalt samarbeid som følgje av kommunestrukturreformen.

Kontrollen av sjølve selskapa bør skje i form av ei enkel undersøking av dei forholda som er nemnt i pkt. 1 og 2 i vedteken plan for perioden 2015 til 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner mandatet for selskapskontroll slik dette går fram i konklusjonen i saksutgreiinga.
2. Eigarskapskontrollen blir utført av kontrollutvalssekretariatet i samsvar med tidlegare vedtatt framdriftsplan.

SAK 17/16

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – STRANDA KOMMUNE

Møteleiar gjorde greie for at kontrollutvalet skal innstille på kva kommunestyret skal treffe vedtak om i det komande møtet den 15.12.2016.

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen hadde ordet. Han la fram og gjekk gjennom (udatert) «Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020».

Saksgongen ved forvaltningsrevisjon skal no konsentrerast om ei meir dynamisk og løpende tilpassing av planen, med rom for justeringar og å jourføringar, dvs. at områda for forvaltningsrevisjon ikkje er fastlagde.

Saksutgreiing datert 28.11.2016 frå kontrollutvalsekretariatet med tilråding vart framlagd. Av denne går det m.a. fram at forvaltningsrevisjon i stor grad er ei evaluering av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

Kontrollutvalet si samrøystes

innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtar framlagt plan for forvaltningsrevisjon for 2017-2020
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere forvaltningsrevisjonar innan for ramma for overordna analyse gitt i Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020.
3. Kontrollutvalet kan vedta enkelte undersøkingar også på andre område enn dei som er nemnt i planen.

4. Kontrollutvalet à jourfører revisjonsplanen ein gong i året. Vesentlege endringar blir lagt fram for kommunestyret

**SAK 18/16
EIGENVURDERING AV REVISOR SI UAHENGIGHEIT**

Frå oppdragsansvarleg revisor ligg det føre eigenvurdering datert 25.01.2016. Denne dekkjer også medarbeidarane. Eigenvurderinga viser til uavhengigheitskravet i lov og forskrift og stadfester over 8 ulike punkt at desse vilkåra er oppfylte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

**SAK 19/16
KONTROLLUTVAL / SEKRETARIAT, REVISJON OG
KOMMUNESTRUKTURREFORMEN**

Det er i saksutgreiinga vist til inndelingslova og fellesnemnda og gjort greie for den stillinga kontrollutvala vil ha i ein slik prosess som er i gong. Orienteringa er send til alle 12 kommunane som er deltagarar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Sjølv om Stranda kommune pr. dato ikkje har gjort vedtak om å slå seg saman med annan kommune er det nødvendig for kontrollutvalet å følgje med i prosessen i omliggande kommunar og vere klar over rollene. Inndelingslova av 2001 set rammene.

Hovudtrekka er at kvart enkelt kontrollutval fungerer fullt ut inntil ny kommune er etablert, dvs. fram til 01.01.2020.

Kontrollutvala innstiller overfor dei respektive kommunestyra på revisor for fellenemnda. Det enkelte kontrollutval utfører den folkevalde kontrollen med fellesnemnda.

Eit settesekretariat vil få oppgåver med å utgreie val av sekretariatsordning for den nye kommunen.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll under ein samanslåingsprosess må tilpassast kva som er mest relevant.

Utvalet sin leiar er styreleiar for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS. Han opplyste at eit forventa lavare tal på kontrollutval gjer det naturleg for styret å drøfte mulege endringar. Eit nærliggande alternativ kan vere samanslåing av fleire kontrollutvalssekretariat i Møre og Romsdal under eitt sams IKS.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

**SAK 20/16
VEDKOMANDE BUDSJETT 2017 - STRANDA KONTROLLUTVAL**

Etter § 18 i kontrollutvalsforskrifta skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Forslaget inngår i SKS IKS sitt budsjett og skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr. 40.000.-.

*

Då det ikkje låg føre fleire saker til behandling, vart møtet heva.

Inge Gjærde leiar (sign)	Helge Kvame nestleiar (sign.)	Anne Melgaard Tårn medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Ole J. Sve medlem (sign.)
--------------------------------	-------------------------------------	---	---	---------------------------------